



## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Kim Andre Vangberg	FE-144, FA-G00	19/328

Saksnr	Utval	Type	Dato
004/20	Eldrerådet	PS	20.02.2020
023/20	Formannskapet	PS	03.03.2020
010/20	Kommunestyret	PS	12.03.2020

### **Kommunedelplan for helse og omsorg. Planprogram Planprogram ny utgåve etter høyringsfristen desember 2019**

Vedlegg:

Planprogram

Fylkesmannen i Vestland si fråsegn til Fedje kommune sitt planprogram for kommunedelplan for helse og omsorg

Folkehelseoversyn 2017 - 2020

Uttale frå eldrerådet til planprogram- kommunedelplan for helse og omsorg

Fråsegn til planprogram - kommunedelplan for helse og omsorg - Framlegg til planprogram

AcosSvarInn.xml

### **Saksutgreiing:**

#### **Bakgrunn**

Kommunestyret i Fedje gjorde 24. september 2019 vedtak å starta arbeidet med å laga ein kommunedelplan for helse og omsorg. Kommunestyret gjorde samstundes vedtak om å leggja framlegg til planprogram ut til offentleg ettersyn. Frist for å kome med merknader til planprogrammet, var 31. desember 2019. Etter høyringsfristen var det komen inn høyringsuttalelse frå tre aktørar. Følgjande instansar hadde gitt høyringsvar; Eldrerådet, Fylkeskommunen og Fylkesmannen. Høyringsvara er vedlagt saksframstillinga.

Eldrerådet har i si uttale krav om å vere med i arbeidet med ny helse- og omsorgsplan.

Fylkesmannen saknar ei betra utgreiing av korleis kommunen har tenkt å inkludera befolkninga i prosessen med å laga ein helse- og omsorgsplan. Dei tilrår at planprogrammet konkret skal visa korleis det blir lagt til rette for at ulike delar av lokalsamfunnet kan inkluderast. Dei tilrår ein meir konkret plan på medverknad, gjerne med tidslinje og aktivitetar.

Fylkeskommunen ber om at planarbeidet legg vekt på folkehelse, kulturminne og miljø

#### **Vurdering**

I vedlagd revidert planprogram er det gjort endringar / justeringar på bakgrunn av innkomne innspel etter høyringsfristen 31.12.2019.

Det kjem fram i ny utgåve av planprogrammet eit tydligere lovgrunnlag, sentrale, regionale og lokale føringar som ein må ta utgangspunkt i, som ein del av kommunedelplanen innan helse og omsorg. Det er eit utvida planprogram med tydligere prosjektorganisering. Eldrerådet har med bakgrunn i sitt



# Fedje kommune

innspel vorte ein del av prosjektgruppa med ein representant.

Vidare i prosjektorganiseringa etter innspel frå fylkesmannen og fylkeskommunen kjem det fram ei klarare rolleavklaring, medverknad frå innbyggjarar og lokalsamfunn i utarbeiding av ny helse- og omsorgsplan. For å sikra medverknad frå lokalsamfunn, innbyggjarane vil me invitera til open «workshop» der me saman har idemyldring og ser på utfordringsbilete til Fedje kommune. Det kjem fram ein prosessplan og korleis den formelle behandlinga for ny kommunedelplan vert. Det er òg eitt nytt underpunkt om økonomiske rammer for planarbeidet.

## Folkehelse

Helse og omsorgstenester er sentralt for helse og velveret til befolkninga. Utarbeiding av ein overordna helse og omsorgsplan vil difor vera eit essensielt tiltak til å fremja god folkehelse. Det er viktig å sjå folkehelseperspektiv i samanheng med mellom anna planverk, overordna samfunnsplan, kulturminneplan, folkehelseoversyn og oppvekstplan. Derfor vil ein mellom anna i ny kommunedelplan konkret innlemma plan for folkehelseoversyn i Fedje kommune frå 2017-2020.

## Konklusjon

I tråd med kommunal planstrategi 2017-2020 tilrår rådmannen at kommunen set i gang eit arbeid med ny kommunedelplan for helse og omsorg, med ei skildring av nye utfordringar, mål og tiltak. Planprogrammet vil vere førande for utarbeidelsen av ny kommunedelplan for helse og omsorg.

## Forslag til vedtak:

### Rådmannen sitt fremlegg til vedtak er:

Med hjemmel i Plan- og bygningsloven §4-1 Planprogram, vedtar Fedje kommune planprogrammet til Kommunedelplan for Helse- og omsorg 2020-2025

## Eldrerådet - 004/20

### ELD - behandling:

Fellesframlegg:

Leiar i eldrerådet vert representant i planarbeidet frå eldrerådet, nestleiar vert vara.

### ELD - vedtak:

Elderådet tilrår følgjande vedtak:

Med hjemmel i Plan- og bygningsloven §4-1 Planprogram, vedtar Fedje kommune planprogrammet til Kommunedelplan for Helse- og omsorg 2020-2025.

Leiar i eldrerådet vert representant i planarbeidet frå eldrerådet, nestleiar vert vara.



# Fedje kommune

Samrøystes vedteke.

## **Formannskapet - 023/20**

### **F - behandling:**

#### **F - vedtak:**

Med hjemmel i Plan- og bygningsloven §4-1 Planprogram, vedtar Fedje kommune planprogrammet til Kommunedelplan for Helse- og omsorg 2020-2025.

Samrøystes vedteke.

## **Kommunestyret - 010/20**

### **K - behandling:**

Ernst Horgen (H) og Kristin Aase (Ap) bad om å få vurdert sin habilitet fordi dei er med i arbeidsgruppa for kommunedelplanen. Representantane gjekk ut av møtet, og kommunestyret vurderte representantane som ugilde etter kommunelova § 11-10. Ingen varaer var kalla inn, og kommunestyret behandla saka utan dei to representantane.

#### **K - vedtak:**

Med hjemmel i Plan- og bygningsloven §4-1 Planprogram, vedtar Fedje kommune planprogrammet til Kommunedelplan for Helse- og omsorg 2020-2025.

Samrøystes vedteke.